

# MEDDELELSER

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 5

Oktober 1934

32. årgang

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, dr. agr. Aasulv Løddesøl

### VERTILHØVA M. V. VED DET NORSKE MYRSELSKAPS FORSØKSSTASJON 1933.

Ved *Hans Hagerup*.

**T**ABELL 1 viser nedburden for heile året og dei enkelte månader 1933. Årsnedburden ligg 206 mm. over medelnedburden ved stasjonen for 12 år. De var serleg vintermånaderne februar—april, ogso juli—august, som hadde mykje meir enn vanleg nedburd.

Tabell. 1. *Nedburden på Mæresmyra 1933.*

Månad	Nedburd i mm.			Høgste nedburd		Nedburd-dagar		Snø	
	1933	Medel for 12 år	Skilnad +	Dato	Millimeter	1933	Medel for 12 år	Medel snødekke i cm.	Dagar med snø 4—3
Januar	49,7	58,0	+ 8,3	28	11,4	13	15	0,0	1
Februar	98,3	41,7	+ 56,6	4	29,4	16	13	24	26
Mars	72,7	47,0	+ 25,7	23	18,5	17	15	17	30
April	53,7	25,6	+ 28,1	16	9,7	19	11	2	10
Mai	15,6	38,7	+ 23,1	20	6,5	7	13	—	—
Juni	5,9	49,7	+ 43,8	17	2,1	7	15	—	—
Juli	162,1	66,2	+ 95,9	19	42,5	16	14	—	—
August	171,4	87,1	+ 84,3	11	21,2	23	17	—	—
September	27,2	79,7	+ 52,5	8	6,4	11	18	—	—
Oktober	98,5	82,1	+ 16,4	5	17,7	15	18	—	—
November	62,8	63,8	+ 1,0	9	22,6	7	15	0,2	2
Desember	95,1	67,0	+ 28,1	21	14,1	17	17	0,2	4
Året, sum	913,0	707,0	+ 206	—	—	168	181	—	73
Mai—sept.	382	321	+ 61	—	—	64	77	—	—

Tabell 2.

Temperatur og nedbør på Mæresmyra 1933.  
Samanstilla i tidbolkar på 5—6 dagar.

Tidbolk	Lufttemperatur i C°						Varmesum	Frostnæter				Nedbør	
	Minimum	Kl. 8 fm.	Kl. 2 em.	Kl. 8 em.	Maksimum	Medelttemp.		Dagar med under 0,0°	Dagar med under 2°	Lågste min. C°	Dato	Millimeter	Dagar
Mai: 1—5	÷ 4,7	2,1	6,8	2,4	7,7	1,65	8	5	4	÷ 7,5	5	4,7	3
6—10	÷ 1,8	5,3	11,9	7,9	13,1	5,83	29	3	3	÷ 6,0	6	—	—
11—15	3,6	7,7	11,9	7,4	12,4	7,65	38	—	—	—	—	—	—
16—20	3,1	7,2	13,4	9,7	14,3	8,35	42	—	—	—	—	7,4	2
21—25	÷ 2,5	9,5	15,6	13,0	18,6	8,90	45	5	3	÷ 4,0	22	3,0	1
26—31	1,6	9,3	15,3	10,9	16,8	9,30	56	3	1	÷ 3,0	30	0,5	1
Mai md. ....	÷ 0,06	6,94	12,58	8,63	13,90	7,02	218	16	11	÷ 7,5	5	15,6	7
Juni: 1—5	2,0	9,2	15,7	12,3	17,3	9,80	49	3	2	÷ 4,5	2	2,0	2
6—10	6,9	14,9	20,8	16,3	21,9	14,73	74	—	—	—	—	0,0	1
11—15	7,6	14,1	20,6	16,5	21,7	14,70	73	—	—	—	—	—	—
16—20	13,8	18,7	22,7	19,3	23,8	18,63	93	—	—	—	—	2,1	1
21—25	10,2	17,8	24,4	16,7	25,7	17,78	89	—	—	—	—	—	—
26—30	4,6	11,5	14,7	11,2	15,2	10,50	53	1	—	÷ 1,0	29	1,8	2
Juni md. ....	7,52	14,37	19,82	15,38	20,93	14,27	431	4	2	÷ 4,5	2	5,9	7
Juli: 1—5	9,1	11,1	13,6	11,7	13,9	11,38	57	—	—	—	—	46,9	5
6—10	10,8	19,4	26,6	24,1	28,5	20,23	101	—	—	—	—	—	—

11—15 .....	9,6	15,9	19,7	16,2	20,6	15,35	77	—	—	—	—	12,0	1
16—20 .....	9,9	12,5	14,9	12,4	15,0	12,43	62	—	—	—	—	68,9	3
21—25 .....	10,1	14,7	20,6	15,0	21,5	15,10	76	—	—	—	—	19,8	3
26—31 .....	7,0	13,2	17,1	12,7	17,8	12,48	75	—	—	—	—	14,5	4
Juli md. ....	9,34	14,42	18,70	15,26	19,50	14,43	448	—	—	—	—	162,1	16
August: 1—5 .....	6,9	10,8	15,4	11,6	15,9	11,18	56	—	—	—	—	34,3	5
6—10 .....	7,3	12,0	15,8	11,5	16,0	11,65	58	—	—	—	—	26,0	5
11—15 .....	6,7	11,5	16,2	11,9	16,5	11,58	58	—	—	—	—	30,6	5
16—20 .....	8,3	12,0	15,4	12,8	16,2	12,23	61	—	—	—	—	46,9	4
21—25 .....	3,9	10,3	17,6	13,1	18,9	11,23	56	—	—	—	—	17,2	2
26—31 .....	7,6	12,2	17,6	12,3	17,8	12,40	74	—	—	—	—	16,4	3
August md. ....	6,80	11,16	16,43	12,20	16,90	11,73	363	—	—	—	—	171,4	23
September: 1—5 .....	3,0	9,4	17,4	9,9	17,7	9,93	49	1	—	÷ 0,5	5	1,4	1
6—10 .....	4,9	9,1	14,8	9,5	15,1	9,58	48	—	—	—	—	7,0	2
11—15 .....	2,5	5,3	11,2	4,7	11,8	5,93	30	2	1	÷ 3,0	14	5,4	3
16—20 .....	4,4	8,2	14,1	10,0	14,6	9,18	46	1	0	÷ 1,5	16	8,6	2
21—25 .....	3,6	6,3	13,3	8,0	13,7	7,80	39	1	1	÷ 3,0	25	0,5	1
26—30 .....	3,5	6,2	14,1	7,5	14,6	7,83	39	—	—	—	—	4,3	1
September md. ....	3,65	7,42	14,15	8,27	14,58	8,37	251	5	2	÷ 3,0	14	27,2	11
Oktober: 1—5 .....	2,1	4,4	6,1	4,7	6,9	4,30	22	1	—	÷ 2,0	3	50,5	5
6—10 .....	0,5	3,4	6,5	3,2	7,0	3,40	17	2	1	÷ 5,0	9	27,7	3
11—14 .....	÷ 1,9	1,6	7,1	3,5	7,4	2,60	10	4	2	÷ 4,0	11	17,0	4
Mai—september .....	5,45	10,93	16,33	11,96	17,16	11,17	1711	25	15	÷ 7,5	5/5	382	64
Medel 12 år .....						10,52	1610	—	—	—	—	321	77

Tabell 3.

## Telemålingar på Mæresmyra 1933.

	20. april		25. april		2. mai		11. mai	
	Ned på telen cm.	Teledjup cm.	Ned på telen cm.	Teledjup cm.	Ned på telen cm.	Teledjup cm.	Ned på telen cm.	Teledjup cm.
Felt 65. Voll .....	2-3	16-20	5-7	13-16	12-14	4-6	—	0
» 50-53. Såtidsfelt .....	4-5	20-23	8-9	15-19	13-14	11-14	16-20	4-7
» 87. (Åker torvvelt) .....	3-5	17-21	8-10	13-17	13-16	9-11	15-18	5-7
Grøftfelt, ompløgd voll:								
10 m. teig .....	3-5	22-26	8-10	17-20	14-17	9-12	16-20	6-8
30 m. teig .....	4-6	24-26	8-9	20-22	12-15	12-15	15-18	8-10
Udyrka myr .....	0	18-20	2-3	15-18	7-10	9-12	12-15	4-7

Telen heilt burte  
overalt.

20. mai

Vinteren var mild med lite snø. Januar var omtrent snøberr, medan det i februar og mars var bra med snø og mildt. April skifta med snø og regn, og heilt berr jord var det omkring 20. april. I mai og juni var uvannleg lite nedburd, i same fylgd 15,6 og 5,9 mm. Dette i samband med den høge temperatur medførte ein skadeleg fyresomar-turke, som i høg grad nedsette avlingsmengda for høy og korn og delvis og for rotvekstene. Det rikelege regn i juli og august retta op for poteter og nepor. Høyberginga var mindre god på grunn av regnet i den tid. Men kornet kom bra i hus, då september hadde lite nedburd.

I veksttida mai—september var fylgjande nedburddagar: Mai 7, juni 7, juli 16, august 23 og september 11, tilsammen 64 *stk.*

Tabell 2 viser temperatur og nedburd samanstillt i 5 (6) dagars bolkar i veksttida. I medeltal for 12 år har medeltemperaturen vore 10,52° C. og varmesumen 1610. I veksttida 1933 var medeltemperaturen 11,17° C. og varmesumen 1711. Ved Steinkjer er normalen 11,40° C. og 1740. Dette viser at det i veksttida var godt med varme, som dreiv dei mognande vekster tidleg fram til mogning.

Veksttida hadde 25 frostnæter, av desse var 16 i mai, 4 i juni og 5 i september, medan juli og august var frostfri. Den sterke varme i mai—juni og sparsame nedburd gjorde at jorda turka mykje. Frostnæterne som var sist i mai og fyrst i juni, gjorde at kornspirane fraus ned på større stykker av åkrane. Temperaturen var målt til  $\div 3$  C.° 2 m. over marka, men ved jorda var denne ca. 4° C. Frostn seinka åkeren og gjorde at han vart ujamn mogen.

Telemålingane som vart utført våren 1933 er framstilt i tabell 3. Telen var ikkje kome serleg djupt trass i den snøfatige vinter. Ogso det viser at vinteren var mild. På vollen var måla ca. 25 cm. djup tele, og på udyrka myr ca. 20 cm. den 20. april etter at all snøen var gått burt. Berre 3—4 cm. var då optina på dyrka jord. Telen gjekk fort burt og var heilt burte overalt omkring 20. mai.

Av insektåtak som vi meire sjeldan er utsett for, hadde vi dette år ganske mykje av *kornlusa* (*macrosiphium cereale*), som gjekk sterkt både på bygg og havre. Åkeren var komen seg so kraftig, at noko større skade fekk lusa ikkje gjort. Det var og sterke åtak av *engtøgen* (*Lygus pratensis*).

Om året elles torer og visa til meldinga som er gjeve i Meddelelserne nr. 2, 1934, s. 44.

---